

Årsmelding 2025 Dugnadsgruppa

Styrearbeid

Desse har vore tillitsvalde i dugnadsstyret:

Leiar: Frank Breistein.

Medlemmer: Odd Sverre Larsen, Geir Tore Søreide, Birger Taranger og Kjell Vestrheim.

Dugnadsstyret har hatt 4 møter, eitt i kvart av dei 3 områda Leirvik, Sagvåg og Fitjar. I tillegg til éin dugnadssamling. Dugnadsgruppa har utført totalt ca. *1850 dugnadstimar* inkludert feltarbeid og styrearbeid. Saker som har vorte handsama er:

- Status og framdrift for nyskilting av turar frå Dalshaugane, Olstjødno og Lundsæter.
- Omlegging av stiar og oppdatering av UT for å klargjera stiar som skal inn på nytt kart.
- Oppgradering av verktøy og utstyr med stønad frå Aker BP.
- Koordinering av dugnadsprosjekt, bemanning og dugnadsleiar

Dugnadsprosjekt i 2025:

Årleg tømning og oppfylling av hytta på Stovegolvet



I månadsskiftet mars/april fekk hytta på Stovegolvet ny forsyning av ved, gass og mykje anna forbruksmateriell. Helitransporten tok seg av det tyngste. Driftsgruppa med Gerda i spissen gjorde kjempejobb med årleg utvask, sengekledeskifte og mykje meir.

Nyskilting Utferdsplassane Dalshaugane og Olstjødno:

To store skiltprosjekt er avslutta i 2025. Det gjeld nyskilting av alle turar frå Dalshaugane og Olstjødno. Målgruppa for skiltinga er nye og lite erfarne turgåarar samt erfarne turgåarar som ikkje er kjent i fjella i Fitjar Kommune. Det er no lik turskiltring på UT.no, på tavlene på utferdsplassen. Kvar tur er skilta med same nr og turtittel i alle sti-kryss begge vegar på turen.




Fig. 1: Eksempel på UT.no




Fig. 2: Eksempel på tavle ved utferdsplass



Fig. 3: Eksempel på skilt der turen er skilt som rundtur begge vegar



Fig. 4: Montering tavler



Fig. 5: Eksempel på skiltpunkt med skilt som viser turtittel, retning og km.

Nyskilting av turane frå Heio og Lundsæter:

I 2026 blir turane frå Heio og Lundsæter samt nokre fleire turar skilta om etter same prinsipp som frå Dalshaugane og Olstjødno. I 2025 er mykje prosjekteringsarbeid utført samt at nytt fundament er bygd for infotavler er bygd på Heio med Bernt Øyvind Vad i spissen. Leif Arvid Grov fann fram gravemaskina og tok ei dugnadsøkt.



Fig. 6: Graving for fundament



Fig. 7: Forskaling



Fig. 8: Fundament ferdig

Stord Kommune lagde nytt fundament for SFT på Lundsæter då dei måtte riva infoskilta der ifm. prosjekta der. Det er fylt på med massar og asfaltert framfor fundamentet



Fig. 9: Lundsæter med Stord Kommune

Batteri til Stovegolvet



12V-anlegget og dermed lys i stove og soverom i hytta på Stovegolvet var ute av og måtte ha 2 nye batteri på kvar 55 kg. Helikoptertransport var ikkje lov før 15. November og med mørketida i vente var gode råd dyre. 2

berelag meldte seg, eit frå Fitjar og eit frå Stord. Turlaget ber namnet Stord-Fitjar Turlag med rette. Dei to laga bar kvar sitt batteri. Turen tok 2 timar. Det seier nok.

Bru Vaulane



Brua på vestsida av vatnet med demninga i Vaulane er riven då den ligg for lavt i vatnet. I samråd med Stord Kommune er stien lagt ned grunna strengare krav til

drikkevats-kjelde og framtidige prosjekt i området.

Vedlikehald sherpatrappene



Sherpatrappen blir lett fulle av grus og småstein spesielt øvst i trappen. I tillegg vil nokre steinar siga ned og skyva andre fram. Grusen vart grava bort og nokre trapper justert. Dette er eit krevjande arbeid som truleg må gjentakast kvart år.

Motorsagkurs

7 mann gjennomførte motorsagkurs med kurshaldar Audun Lund Eik frå Skogkurs (Tysnesing). Det innebar ein halv dag med maskinstell i garasjen til Odd Stuve Rommetveit, ein heil dag i felt med felling av tre, og til slutt ein heil dag med vindfallkurs. 7 nye mann er sertifisert for å ta vindfall som legg seg over stiane.



Vaktmeistertenester i hytter og gapahuker

Tore Edmund Landa (Lundastøl) og Jon Magne Bratseth (Stovegolvet) har gjennom året gjennomført regelmessige tilsyn og kontrollar av utstyr.

I gapahukane har desse vore vaktmeistrar: Birger Taranger (Skjephaugen), Jan Egil Furunes (Stuvikjo), Kjell Vestrheim (Hustrudalen), Toralv Røen (Rydlandssago) og Geir Tore Søreide (Kidnavatnet).

Vedlikehald av stiar

Om lag 90 % av stiane har vore inspisert. Oppfrisking av T-merker og merkepinnar samt noko rydding er gjort.

Leiar for Dugnadsgruppa - Frank Breistein

Årsmelding 2025 Seniorgruppa

Styrearbeid

Disse har vore tillitsvalde i Seniorgruppa i 2025:

Leiar: Anne Kristin Eldøy, *Nestleiar:* Gro Rydland, *Sekretær:* Sigfred Framnes

Styremedlemmer: Unn Sara Spissøy, Per Inge Sætrevik og Kjetil Rydland.

Leiar i Seniorgruppa har delteke på styremøta i hovudlaget.

Seniorgruppa har hatt 11 styremøte. Leiar for seniorgruppa har hatt samtalar med dei ansvarlege for Aktiv til 100 i dei ulike gapahukane. Medlemane i seniorgruppa brukar no det nye aktivitetssystemet i DNT, og legg ut informasjon om turar i aktivitetsskalenderen. For å få innspel til turane for 2026, var det turleiarsamling 30. september 2025, der 17 turleiarar og styremedlemer møtte.

Seniorgruppa, med turleiarar og turvertar, har til saman utført *3782 dugnadstimar*. Totalt har seniorane hatt *3450 deltakardagar*.

HMS arbeid

Det har vore meldt 1 skade på seniorturane i 2025. Ein person glei på ein stein og skrapa leggen kraftig. Nødvendig førstehjelp med plastring og bandasje vart gjort, og vedkommande kunne fortsetta turen. Det var såleis ikkje nødvendig med tilsyn av lege. Til saman har me hatt 49 turar, så skadefrekvensen er heldigvis svært låg.

Det vart ikkje arrangert Hjarte-lunge-redningskurs for turleiarar i år, men nytt kurs er planlagt vinter/vår 2026.

Disse sakene har vore handsama i seniorstyret:

- Marknadsføring av turane i 2025
- Brosjyren for 2025
- Gjennomføring og oppfølging av onsdagsturar 2025
- Presentasjon og ajourføring av turane i DNT sin aktivitetsskalender
- Opptur, planlegging og gjennomføring
- Gjennomføring og oppfølging av Aktiv til 100 i gapahukane
- Planlegging og gjennomføring av overnattingstur til Filefjell

- Vidareføring i opplæring og bruk av DNT Aktivitetssystem
- Gjennomgang og bruk av Famac-systemet
- Korleis få nye turdeltakarar og halde på dei som går på tur med oss
- Oppfølging av enkel risikoanalyse for dagsturar
- Risikoanalyse av overnattingstur i 2025
- Annonsering av onsdagsturane per månad i bladet Sunnhordland
- Annonsering av onsdagsturane på FB
- Annonsering av Aktiv til 100 på FB
- Turleiarsamling for turleiarar og seniorstyret i Almåsløa i september
- Planlegging av onsdagsturar for 2026
- Planlegging av overnattingsturar i 2026
- Utarbeiding av brosjyre for 2026
- Utarbeiding av årsmelding for 2025
- Planlegging og gjennomføring av avslutningstur og -samling før sommar og før jul

Seniorane og dugnadsinnsats

Seniorane er delaktige i det meste av dugnadane som vert gjort i turlaget. Dei er turleiarar, driv Aktiv til 100 i gapahukane, og mange har turnusteneste med tilsyn og vask i gapahukane, på Lundastøl og Stovegolvet. Dei er medhjelparar ved Opptur og Topp 8, ved «Kom deg ut-dagen» vinter og haust. Dei fortener alle ei stor takk for god innsats gjennom mange år.



Fritidstreff i Kulturhuset

6. mars arrangerte Stord kommune fritidstreff i Kulturhuset. Svært mange frivillige lag og organisasjonar presenterte sine ulike aktivitetar. Seniorgruppa deltok og presenterte turlaget sine ulike aktivitetar.

Friluftslivets veke 6. - 14. september

Turlag over heile landet vart oppmoda om å leggja ut på internett turar dei planla i dette tidsrommet. Seniorgruppa hadde planlagt desse turane som dei la ut:

07.09. Kom deg ut-dagen i Barnas turlag saman med gode hjelparar frå Seniorgruppa.

10.09. Kulturløypa på Moster - onsdagstur

11.09 Aktiv til 100 i Stuavikjo – torsdagen

Arbeid med turprogrammet for 2026

Seniorstyret, saman med 16 turleiarar, var samla i Almåsløa 30. september for å starta arbeidet med turprogram for 2026. Deltakarane jobba i grupper, for Fitjar-turar, Tur 1 og Tur 2. Oversikt over tidlegare turar, ønsker frå turdeltakarar og eigne forslag var til hjelp for å prioritera kva turar ein skulle ha med i programmet for 2026. Forslaga vart vidare systematisert og sendt til turleiarane for at dei skulle gi tilbakemelding på kva turar dei ville kunne leia i 2026. Etter litt fram og tilbake vart turprogrammet klart og brosjyren kunne settast opp og klargjerast med trykkeriet.

Overnattingsturar i år

Seniorgruppa planla å arrangera to overnattingsturar, ein til Jordalen i Voss kommune og ein til Filefjell i Valdres kommune. Turen til Jordalen fekk for få påmelde, og er utsett til 2026. Turen til Filefjell vart gjennomført med 33 deltakarar.

Seniortur til Filefjell 28. - 31. august 2025

Me var 33 deltakarar som køyrde i privatbilar til Filefjell. Første stopp var Vindhallavegen, ein del av den gamle kongevegen, ferdig i 1879, og fornya med mura meandersvingar i 1843.



Meandersvingane



Kong Sverre

Me gjekk den og noko av den eldste ferdselsåra over Filefjell, Sverrestien. Deretter var det omvising i Borgund stavkyrkje, den mest autentiske og godt bevarte stavkyrkja i Noreg.



Innsjekk på Filefjellstuene som ligg like ovanfor Tyinkryset, var ut på ettermiddagen. Fredag var planen å gå Horntind, 1454 moh, men skodde og regn sette ein stoppar for det. Av den grunn gjekk turen rundt heile Otrøvatnet, der to av dei gamle skysstasjonane låg, Nystøgo, som i dag er ombygd til leilighetshotell, og Gamlestøga, som var ein av dei eldste skysstasjonane på kongevegen. Me gjekk dels på den nye pilgrimsvegen frå Øye til Thomaskyrkja, og dels på den gamle kongevegen.

Laurdag gjekk turen frå Kyrkjestølane til Skjeltrene, 1387 moh. Kjentmannen vår, Knut Antun, hadde laga ein fin rundtur over fjellet, mens dei som ønska ein lettare tur, gjekk innover langs Grønevatnet, som markerte austgrensa av fjellet.

Søndag gjekk turen først til Indre Årdal og Utladalen, og derifrå opp til den gamle Avdal gard. Garden vart fråflytta på 1960-talet, men bygg og kulturlandskap er totalrenovert av Stiftinga Avdalen Gard på 1990-talet. I sommarhalvåret har garden har i dag eit vertskap, og

ein kan tinga overnatting og matsservering. Vel nedkomne derifrå, gjekk turen attende til Stord.



På veg opp Utladalen og Avdal gard

Opptur

Onsdag 7. mai arrangerte seniorgruppa Opptur for 340 elevar ved 8.trinnet frå ungdomsskulane Stord, Nordbygdo, Nysæter og Rimbareid. Turen gjekk frå parkeringsplassen ved Fjellstova opp Steingjelsdalen til toppen av Steingjelsheddo. Attende gjekk turen ned Bortnadalen og Vaulane til demningen og vegen tilbake til Fjellstova. Deretter registrering og buss tilbake til skulane. Veret var ikkje heilt på vår side, med skoddedottar og yr. Ungdomane var blide og glade likevel.

Saman med kontaktlærarar deltok 44 personar frå seniorgruppa som turleiarar og vegvisarar langs løypa. I tillegg var seniorane med på å setta opp og ta ned registreringsteltet på parkeringsplassen der sekretariatet og kontrollposten for arrangementet var. Alle elevane vart registrerte både før og etter turen. Det var ingen alvorlege skader, men to elevar returnerte p.g.a. sjukdom



Onsdagsturar

I 2025 har me arrangert 48 planlagde onsdagsturar og ein spontan onsdagstur. Tur 1 og tur 2 går onsdagar i partalsveke og Fitjar-turane går onsdag i oddetalsveke. Tursesongen er frå medio august til ultimo november, og frå veke 2 i januar til primo juni. Vår- og haustsesongen blir avslutta med enkel tur og «festsamkome» etterpå.


Alle onsdagsturane går i nærområdet i kommunane Stord, Fitjar, Bømlo, Sveio, Kvinnherad, Austevoll og Tysnes, men av og til går turen til Haugesundsområdet. Tur 1 er gjerne tyngre og lengre, og har ofte lengre reisetid. Tur 2 er ein enklare og kortare tur, og med kortare reisetid. Fitjar-turane varierer frå krevjande til enkle, med varierende reisetid.

På turane totalt er det i gjennomsnitt 25 deltakarar, men me erfarer at lang reisetid er ein hemsko om turen ein skal gå, er nokolunde enkel og kort.



Mange deltakarar på turen til kalk -og marmorgruene på Moster.

Diagrammet gir ei oversikt over onsdagsturar frå 2014 til og med 2025, med toppår 2019, før kovid og vekslende tendens etterpå. No peikar pila heldigvis oppover igjen.



Nedanfor viser tabellar for vår- og haustsesongen korleis deltakarane deler seg på tur 1, tur 2 og Fitjar-tur, pluss opptur og overnattingstur til Filefjell.

VÅR 2025	Personar	Tal turar	Nye	Gjennomsnitt	Skade
Tur 1	164	9	7	18	0
Tur 2	327	11	3	30	0
Tur Fitjar	157	6	1	26	0
Opptur	44	1	2		0
Totalt	692	27	13	26	0

HAUST 2025	Personar	Tal turar	Nye	Gjennomsnitt	Skade
Tur 1	133	7	4	19	1
Tur 2	257	9	4	25	0
Tur Fitjar	123	5	2	25	0
Filefjell	33	1	0	33	0
Totalt	546	22	10	23	1

Tal turar i 2025 **49**

Totalt deltakartal på våre turar **1238**

Nye deltakarar i 2025 **23**

Me har hatt 49 turar, med totalt 1238 deltakarar, av dei er 23 nye. Overnattingsturen og avslutningsturen i sommar og til jul er registrerte som Tur 2 i det totale deltakartalet. Det same er Opptur og Ådlandsvatnet rundt i januar. Difor er deltakartalet høgt for Tur 2.

Den tradisjonelle turen rundt Ådlandsvatnet i januar hadde pause og bålkaffi i gapahuken i Stuavikjo.

Sidan hausten 2024 har me annonsert turane pr månad den første tysdagen i månaden i Bladet Sunnhordland. Dette har fungert fint, og deltakarane er nøgde. I tillegg prøver me å minna om turane på FB. Alle turane med omtale ligg på dnt.no/stord-fitjar, og eventuelle endringar i forhold til brosjyren vert gjort der.

Aktiv til 100 i gapahukane

Stad	Deltakarar	Turar	Gjennomsnitt	Nye
Hustrudalen	868	20	43	
Skjephaugen	415	17	22	18
Stuavikjo	536	19	28	21

Aktiv til 100 i dei ulike gapahukane er eit populært tiltak, og folk møter fram uansett ver og vind. Gjennomsnittet per gong held seg nokolunde stabilt, men ein liten nedgang i Skjephaugen. Både sommar – og juleavslutninga blir markerte med kaker, kaffi, gløgg eller graut og ekstra underhaldning. Dette betalar deltakarane ein liten eigenandel for.

Dei tre gapahukane har eigne brosjyrar som delvis er sponsa av Rema 1000 Heiane, Falk Sport Heiane og Erko Settefisk i Sagvåg.

Tusen takk til seniorane som er turvertar, står for tillaging, innkjøp, kaffe-kokning og elles hjelper til med å oppretthalda desse sosiale møteplassane. De fortener ei stor ROSE.



Stuavikjo



Hustrudalen



Skjephaugen

Avslutningar

Sommaravslutninga var i Kråko på Fitjar. Først tok Kjetil Rydland oss med på «bli kjent tur» rundt om på Kråko. Han fortalde både kva me såg på land og sjø. Det var eit flott steinlandskap med mange fine hytter på knausar og i livd langs ruta. Seinare på dagen hadde me høve til å besøkje Fitjar Islands sine produksjonslokale.



Etter turen venta ein god tallerken betasuppe med brød, deretter kaffi og gode kaker. Johannes Sandvik var invitert til å fortelja om utviklinga av Kråko hytteområde frå starten og fram til det flotte hytteområdet det er i dag. Seniorleiaren informerte litt om turar og aktivitetar i fortid og framtid. Dugnadsleiaren, Frank Breistein informerte om ulikt dugnadsarbeid og elles nyheiter frå hovudlaget. To av turdeltakarane, Magnhild Lund-Olsen og Roger Ottesen, vart trekt ut til å vinna kvar sin blom.

Juleavslutninga var i år i Solidhuset på Litlabø, annakvart år Stord og Fitjar. Me hadde ein times fin tur rundt om på Nysæter, der lokal kjentmann Sigfred Framnes fortalde om gamal og ny tid i området. Det var grøn november med opphaldsvêr og lite vind.

Solidhuset var julepynta, og me vart serverte risgryns-graut med tilbehøyr, etterfølgt av kaffi, kringler og gode kaker.

Tradisjonen tru var det flott musikkfølge til songane av Knut Vika. Leiaren orienterte om deltaking på dei ulike aktivitetane i 2025 og viste turprogrammet for 2026. Det vart etterfølgt av fin song av Jakob Eldøy. Muskar og songar fekk velfortente blomar.

Nytt av året var loddsal med greie premiar. Overskotet, kr 2 791, vart sendt til Frelsesarmeen, avd. Stord.

Merkeutdelinga for oppnådde turar var både høgtideleg og fin. 3 personar har gått meir enn halvparten av dei 502 turane seniorgruppa har arrangert sidan oppstart i 2008. To av dei, Rolf Johansen og Harald Rydland fekk ein fin kaffikopp i tre for oppnådd over 300 turar. Den er laga av Geir Raunholm.

Seniorleiaren takka turleiarane og tillitsvalde i alle ledd for god innsats, og ønskte alle velkommen til den tradisjonelle julemarsjen 7. januar rundt Ådlandsvatnet.

Ho takka deltakarane for godt frammøte og ønskte god jul til alle. Eit flott turår vart avslutta på ein god måte.

Merkeutdeling i 2025

23 personar hadde gjort seg fortente til merke i år etter oppnådd tal for ulike merke. Det er stor stas med merkeutdelinga, og alle er interesserte og motiverte til å følgja med på lista korleis dei ligg an til å oppnå ulike merke. Me deler ut merke for 50-75-100-150-200-250 turar, og trekopp for 300 turar.

Kategori	Krav	Oppnådd i 2025	Oppnådd totalt
Bronse	50	7	92
Sølv	75	4	71
Gull	100	3	53
Gull m 1 krans	150	2	31
Gull m 2 kransar	200	5	13
Gull m 3 kransar	250	0	3
Kaffikopp i tre	300	2	2



50 turar

Over 300 turar

Alt i alt har 2025 vore eit godt turår. Dei fleste turane har gått etter planen og turleiarane har gjennomført turane på ein god måte.

Velkommen til gamle og nye turdeltakarar i 2026!

Leiar for Seniorgruppa - Anne Kristin Eldøy

Årsmelding 2025 Natur- og miljøgruppa

Leiar: Jan Ove Øen

Medlemmer: Konrad Westvik og Odd Lars Huseth

Aktivitet 2025

Gruppa har hatt møte og diskutert aktuelle innspel.

1. I samarbeid med Birger Taranger har vi formidla eit tilsvar til Stord kommune angående forslag om om-regulering av eit større verdifullt naturområde til industriformål i Digernesmarka, mot Digernesterminalen. Naturvernforbundet har og hatt synfaring og belyst skadeverknader ved ei eventuell nedbygging av området. Aktuell turløype må også leggjast ned.
2. Norges vassdrag og energidirektorat hadde ei høyring av **Konsesjonssøknad av ny 66(132)kv. kraftleidning mellom Fitjar og Tysnes og ny Tjøreneset transformatorstasjon.**

Tilsvar til NVE angående bygging /utviding av kraftlinje(luftleidning) over Tysnes og Fitjar. Samla tilbakemelding og forslag for Tysnes og Stord Fitjar turlag samordna og formidla gjennom Bergen og Hordaland turlag ved Naturvernansvarleg Dag Sandvik.

For ilandføring i Fitjar, foreslo vi alternativt landfall 2.2.1 der sjøkabel kjem i land mellom Hageberg og Vistvik og luftleidning delvis går vidare i eksisterande trasé (2.0).

Leiar for Natur og Miljøgruppa - Jan Ove Øen

Årsmelding 2025 Driftsgruppa

Gerda og Marit C har hovudansvar for Driftsgruppa.

Året 2025 er omme og det er tid for tilbakeblikk og oppsummering.



I Driftsgruppa har me seks grupper av omlag 26 personar som driv tilsyn kvar veke.

Kidnavatnet Gapahuk, Dagsturhytta i Fitjar (Tveitaslottet), Skjephaugen Gapahuk, Stuavikjo Gapahuk, Lundastølen med gapahuk og Stovegolvet har alle sine grupper. Eventuelle problem vert rapportert inn til Marit eller Gerda. Kvar søndag sender Marit ut SMS til dei som har vakt, og systemet verker heilt flott.

Det vert vaska og rydda, og bos vert fjerna. I år vart det strikka nye sitjeunderlag til Kidnavatnet, Skjephaugen og Stuavikjo.. Me fekk ca. 40 nye sitjeunderlag «på eit blunk». To gonger i året har me stordugnad med nedvask og skift av sengetøy på Lundastøl og på Stovegolvet. Det er aldri problem med å få folk med på dette.

Utanom all turnus går me turar rundtom. vaskar vindauga på Tveitaslottet 2-3 gonger i året, fyller på utstyr som manglar og «ser til». Lundastølen har jamleg besøk av oss med reine klutar/handkle, stearinlys, vaskemiddel osb. Stovegolvet har nok oftast besøk utanom turnus. Der er rett som det er småplukk å ordne opp i. Der kom ny pumpe i år.

Det vart delvis på «privat basis» arrangert ein «Dugnadsdame-lunsj» i januar 2025, det passa for 19 damer. Gerda prøver å få til noko tilsvarande også i 2026.

Me ser at det er ikkje vanskeleg å få folk med på dugnad, men og at det ofte er dei same som stiller på det meste. Slik vil det vel alltid vera.

Me takker for all innsats også dette året, og håper på å fortsette i same spor. «Boblene fann Marit i ei seng på Stovegolvet!



Leiar for Driftsgruppa - Gerda Øen

Årsmelding 2025 Barnas Turlag

Leiar: Astrid-Cecilie Flisram. Medlemmer: Anna Henriette Storstrand, Maria Fatland, Alida Knutsen, Karin Vallestad, Katrine Nilsen Mjønes, Kjersti Hillestad og Linda Blom Nilsen.

Barnas Turlag Stord-Fitjar har i 2025 bestått av 7 frivillige som har fordelt seg på 12 ulike arrangement dette året. Det blei laga eit program for året som blei lagt ut på DNT sin aktivitetsskalender, samt publisert på sosiale medier som Facebook og instagram. Det blei planlagt å ha ein aktivitet kvar månad, med unntak av mars og mai månad. I mars var det planlagt 2 aktivitetar, på grunn av at dei var så nærme kvarandre utgjekk ein aktivitet i februar. Det vart planlagt 2 aktivitetar i mai, også blei Barnas Turlag invitert inn til å samarbeide med Bergen og Hordaland turlag til Vårglede på Lundastølen. Det blei då tre arrangement i mai. Kvar månad har hatt ei tema, som for eksempel «Popcornstur», «Nissevandring», «Såpebobler på stranda» med meir. Eit arrangement utgjekk i oktober på grunn av at ingen av turleiarane kunne stille til det arrangementet. Etter det såg vi det som naudsynt å prøve å rekruttere inn nye medlemmer.

Eit anna tilbod har vore Barnas topptrim- kort. Det har vore 6 turdestinasjonar spredt rundt om i kommunen, og korta har ein kunna handla for 30 kr på Falk Sport, Lindas Gym og Sport 1 Heiane. Premier etter å ha vore på minimum 4 av 6 destinasjonar har ein kunna henta ut på Lindas Gym. Barnas Turlag har òg regien av utlån av kanoane ved Ådlandsvatnet. Det har vore som føregåande år, inn og utlån er ved Lindas Gym på Heiane. I år har det vore stor pågang med utlån av kanoane, og dette ser vi på som veldig positivt! Tilbodet fungerer svært godt.

Inn i eit nytt tur år, er det nokre av turleiarane som går ut, men det kjem og nye inn. På tampen av året og starten av nyåret har 2 medlemmer sagt at dei ikkje blir med inn i det nye året som turleiar, og det er kome inn 3 nye frivillige på laget – det synes vi er veldig stas!

Januar starta vi programmet vårt med Kom deg ut- dagen med slagordet « Heile Noreg bålår». Med 200 små og store som deltok, blei dette ein fantastisk dag med bål og grilling, spikking, turbingo og mykje god leik i stranda



Mars vart duka av med fastelavnsbollar ved Sæbø gard der vi fekk låne grillhytta til arrangementet. Bollar vart sponsa av Spar Ådland, og dette blei ein stor suksess der ca. 100 små og store tok turen for å leike i lag nede ved stranda og såg på dyra som var ute med garden. I tillegg til fastelavn, var der kveldsmattur til Klatrejungelen i Dåffjorden der 30 vart med på å teste zip-linja i lystig lag før kveldsmat i gapahuken stod for tur.

Mars: Fastelavnsbollar ved Sæbø gard



Klatrejungelen i Dåffjorden



April var det duka for Popkorn-tur i Moseskogen på Valvatna. Her var det ca. 10 deltakarar, og det nok på grunn av at vi var litt mindre heldige med været. Men stemninga var god, og popkornet smaka ekstra godt etter god leik i skogen.



Mai vart ein måned med mye innhald! Først ut var Bok og bolle på Tuftelandsfjellet på ein torsdag, der to kjekke damer frå biblioteket tok turen til fjellet i lag med 70 deltakarar. Dei fortalte to spennande eventyr, og bollen etterpå smaka veldig godt!



Ikkje mange dagar etter det, var det duka for Vårglede på Lundastølen i lag med blant anna Bergen og Hordaland turlag. Rundt 300 tok turen opp dit den dagen, og for ein folkefest det blei! Det var ansiktsmåling, turbingo, BUA hadde lånt ut utstyr til oss, CISV hadde ein teiknestasjon stylder og Norsk Folkehjelp frå Stord hadde ein aktivitet. Det blei eit fest arrangement frå ende til annan! I slutten av mai vart det duka for den årlege turen til Huglo og Myrvold gard, der ca. 150 tok turen for å klappe på både grisar, kaninar og slanger for dei som turte det. Det var nokre veldig pratsame papegøyar der som skal mykje latter og glede hos små og store!

Vårglede på Lundastøl



Besøk på Myrvold gard



Juni vart det såpebobler på stranda, men vi tenker nok at mange var komen i feriemodus nesten – for me enda opp med å være 8 deltakarar. Men jammen meg var det gøy for dei som deltok! Dei kunne lage sine egne såpeboblestavar med både perler og pipe-rensarar, og dette falt godt i smak.

Juni: Såpebobler på stranda



August vart det tid for ein overnattingstur, og destinasjonen vart Lundastølen. Her sov nokre i huset medan andre satt opp telt og ei natt ute. 17 deltakarar tok turen opp til det fantastiske landskap, og dei fekk ei overnatting dei nok seint kjem til å glemme. Dei laga barkebåtar i lag, det blei hengt opp hengekøyer som dei kunne finne roen i, og sjølvaste Turbo kom opp på hytta med lørdagssnop til alle saman – stor stas!



September var det den store Kom deg ut-dagen! Her kom om lag 300 besøkande i Stuavikjo, og for ein dag det vart. Med strålende sol var det full fart i kanoane ute på vatnet, der det stod folk i kø for å teste ut dei. Samtidig var det både naturbingo inn mot gapahuken, og ein sjokoladebar for deltaking. Det blei premie i form av drikkeflaske eller matboks til 10 heldige deltakarar. I tillegg hadde BUA lånt ut forskjellige utstyr som dei besøkande kunne prøve. Det var ein post der ein kunne lage seg barkebåtar med skikkeleg utstyr, og dette vart fort populært! Mange flotte båtar fekk prøve seg ute på vatnet. Ein campingbil med promotering for Friluftslivets år køyrde ned og delte ut flygeblad og klistremerke til dei som kom forbi. Denne dagen vart ein stor suksess!

September: Kom deg ut- dagen



November var det duka for lommelykttur i Ådlandsskogen, og 50 små og store deltok i å leite fram alle refleksane som hang i skogen. Det blei ein trolsk stemning når alle gjekk inn som samla gruppe, og fann refleks etter refleks.

Lommelykttur til Ådlandsskogen



Desember og årets siste tur – Nissevandring. Det vart fort mørkt når vi gjekk innover, og når ein kom fram til nissane kunne ein sjå at dei lyste opp alle og ein kvar. Nokre prøvde å telje alle nissane, og det var ikkje bare lett! I starten av løypa møtte vi på Turbo som gav ut klementiner til dei som ville ha det, og på veg tilbake til bilen traff vi på nissen som delte ut peparkaker til dei som ville ha det. Ein kjekk tur der ca 40 stykk deltok.

Nissevandring



Dugnadstimar for 2025: 282

Leiar for Barnas Turlag - Astrid-Cecilie Flisram

Årsmelding 2025 Turgruppa

Medlemmar i gruppestyret:

Monica Vik
Jan Leivestad, leiar
Gunnar Sagenes
Unni Gudmundsen

Arrangert av turgruppa:

- Stord-Fitjar frå Heio til Olstjødno

Turgruppa sin fortelling 2025

Det har vore eit år med liten turaktivitet frå turgruppa si side.

Trimpoeng har vore suksess i 2025 og, Laila og Kristin gjekk ut av Trimpoeng gjengen etter fleire år og Unni Gudmundsen har overtatt og gjort ein stor jobb. Sommar trimpoeng hadde 659 betalande deltakara og dei registrerte 85020 innsjekk på 122 turmål.

Vintertrim er starta opp og det er 180 betalande deltakara pr 1.februar 2026

Turgruppa laga og til den årlege turen frå Heio til Olstjønna, der var me 20 deltakara og alle hadde det bra. Turleiarar Gunnar Sagenes, Anne Gravdal og Monica Vik



Styremøter	Deltakarar	Timar	Totaltimar
Vår	4	2	8
Arbeid utanom			15
			23

Leiar for Turgruppa - Jan Leivestad

Årsmelding 2025 DNT-Ung

Leiar: Fred Andersen

Grunna ressursmangel har det vert lågare aktivitet i gruppa i 2025. Me jobbar mot ei løysing i 2026.

Leiar for DNT-Ung – Fred Andersen